



Notat

Dato: 18.01.2017
Arkivsak: 2015/5926-12
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Rune Haugsdal, Fylkesrådmann

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Sal av aksjar og rettar i AS Strandgaten 196. Signering av avtale m.m.

Fylkestinget godkjente den 04.10.2016 salet av HFK sine 30 aksjar i AS Strandgaten 196 til Vestbo BBL, samt overdraging av leigeretten og obligasjonsinnskottet, for ein samla sum på kr 30 mill.

Vedlegg 1: Fylkestinget sitt vedtak

Advokatfirmaet Thommessen AS v/advokat Ivar Strandenes har fått i oppdrag av partane å utforme alle naudsynte dokument i samband med oppgjeret samt å gjennomføre sjølve oppgjeret. Partane deler på denne kostnaden.

Vedlagt følgjer *Avtale om kjøp av aksjar*. HFK overdrer sine 30 aksjar i selskapet til Vestbo BBL, samtidig som selskapet kjøper seg ut av leigekontrakten med tilhøyrande obligasjonsinnskott. Kjøpesummen på kr 30 mill. er fordelt med kr 8.949.187 for aksjane, kr 17.509.813 for leigeretten og kr 3.541.000 for obligasjonsinnskottet.

Vestbo BBL betalar kr 8.949.187 av kjøpesummen og AS Strandgaten 196 betalar dei øvrige kr 21.050.813 til oppgjærskonto hos Advokatfirmaet Thommessen AS.

Dato for overtaking er 31.01.2017, jf. pkt. 4.1 i avtalen. HFK skal ikkje betale leige til selskapet for 2017.

Vedlegg 2: Avtale om kjøp av aksjer

Etter at pkt. 4.3.2 i vedlagte *Oppgjørsinstruks* er gjennomført vil kjøpesummen bli utbetalt til HFK.

Vedlegg 3: Oppgjørsinstruks

Vi ber om at *Avtale om kjøp av aksjer* og *Oppgjørsinstruks* vert signert. Desse to dokumenta vil bli underteikna av Vestbo BBL og selskapet den 24.01.2017.

I tillegg ber vi om at vedlagte *Erklæring*, som er bilag 3 til *Oppgjørsinstruks*, vert underteikna. Den er datert 31.01.2017. Dokumenta vil bli overlevert til Advokatfirmaet Thommessen AS.

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga